

Emne nr. 42

## REIP OG TAU

### TAU

1. Har det i Dykkar bygd vore vanleg å laga tau av bast, og kva tre var det i tilfelle ein tok bast frå (lind, alm, barlind, furu e.a.)?
2. Kva kalla ein slike tau, og nytta ein dette namnet same kva slag tre ein hadde tatt bast frå?
3. Er det slutt med å laga slike tau nå, og når vart det i tilfelle slutt? Vart det laga slike tau under siste krigen?
4. Korleis skulle treet vera som ein tok bast av?
5. Tok ein heile treet eller tok ein berre greinene?
6. Vart lindeskogen eller dei lindetrea som ein til vanleg tok bast frå, kultivert eller stelt på nokon sers måte?
7. Kva tid på året tok ein bast og kva kalla ein dette arbeidet?
8. Korleis fekk ein borken med bastet laus frå veden og kva kalla ein dette arbeidet?

Det tykkjest ha vore heller vanleg å ta bastet på føresumaren når sevja gjekk. Då kunne ein flekkja (fletta, løypa) borken og bastet av med same og leggja dette i bløyt. Men det var òg vanleg å leggja heile kubbane i bløyt og så flekkja borken og bastet av etterpå. Ein kunne òg få bastet laus ved å verma opp kubbane. Dersom ein brukte den siste framgangsmåten, tok ein bast om hausten. Vi vil gjerne vita om desse framgangsmåtane er kjende i Dykkar bygd og kva for ein som vart meste nytta.

9. Kva kalla ein dette å leggja kubbane eller borken i bløyt, og var det nokon skilnad i framgangsmåten når det galdt kubbar og når det galdt berre borken?
10. Skulle kubbane (borken) liggja i sjø eller vatn?
11. Skulle dei støtt liggja heilt under eller vart dei lagt slik at dei stundom var over vassyta, t.d. i flomålet?
12. Kunne staden der ein til vanleg la kubbane (borken) i bløyt, få eit serskilt namn av dette?
13. Kva gjorde ein for at kubbane (borken) ikkje skulle reka bort?
14. Kor lenge skulle kubbane (borken) liggja i bløyt?
15. Vart borken vaska eller reinska og turka etter han var tatt opp (kor vart dette gjort og kor lenge stod det på) eller reiv ein bastet straks og turka dette?
16. Korleis bar ein seg åt når ein reiv laus bastet og kva kalla ein dette arbeidet (riva bast)? Var det nokon skilnad på framgangsmåten ved bork som hadde lege i bløyt og bork som var oppvermd?
17. Hadde ein ulike namn på dei ymse lag bast, t.d. dei ytre og dei indre, og rekna ein at det var nokon skilnad i kvaliteten på desse?
18. Kva kalla ein dei bast-strimlane ein reiv laus?
19. Kor breie skulle desse vera?
20. Vart det gjort noko med dei før ein nytta dei?
21. Kva kalla ein det å tvinna bastet?
22. Nyttå ein ei vinde når ein skulle tvinna bastet (ordet er i dette høvet nytta om dei bast-strimlane ein reiv laus), kva heitte den og korleis såg den ut (teikna)?
23. Dersom ein ikkje nytta vinde, korleis bar ein seg då åt når ein tvinna bastet?

24. Når ein nytta vinde til tvinninga, fekk ein ein tått med ein kjerne som var tvinna kring sin eigen akse og eit lag som var sveipt kringom denne aksen. Kva kalla ein desse delene (innloge og omloge)?
25. Vart det sett same krav til bastet som skulle vera innloge og det som skulle vera omloge?
26. Korleis gjorde ein når ein skulle skøyta inn nytt bast ved tvinninga og kva kalla ein dette?
27. Kva kalla ein det tauet som ein fekk ved tvinninga (tått)?
28. Kor tjukk skulle tåtten vera og kor lang vart den til vanleg?
29. Vart den nytta til noko slik den var og fekk den då eit sers namn?
30. Heiter det å slå eller leggja tau, eller vart ei anna nemning nytta om dette?
31. Vert nemningane ”å slå tau” og ”å leggja tau” nytta om ulike framgangsmåtar, t.d. slik at ein la med hand men slo med ein reiskap lik den som er nemnd nedanfor i sp. 36?
32. Kor mange tåttar var det til vanleg i eit fleirlagt tau?
33. La ein tauet med hand eller med ein reiskap, og kva kalla ein dette arbeidet? (Vi nyttar her ordet leggja om begge desse framgangsmåtane. De nyttar sjølvsagt dei orda som har vore vanlege i Dykkar bygd.)
34. Dersom ein la tauet med hand, korleis gjorde ein då dette? Nyttar dei då ein kjepp eller liten stökk til hjelp og korleis?
35. Kva heitte i tilfelle denne stokken og korleis såg han ut?
36. Kva kalla ein i tilfelle den reiskapen ein la tauet med, korleis såg den ut og korleis vart den nytta? Det vanleg kjente er at ein nytta 3 ulike reiskapar på ein gong. Kjende namn på desse er føregogn, ettergogn og knotten. Ettergogna hadde ein krok der alle tåttane var festa; den tvinna tåttene i hop. Kvar einskild tått var festa i kvar sin krok i føregogna; desse krokane vart alle drivne av ein sveiv, og føregogna skulle hinda at snuren i tåttane gjekk opp under leggjinga

(slåinga). Tåttane gjekk gjennom kvar sitt hol eller får (fure) i knotten, med den skulle ein syta for at tauet vart jamlagt. Vi vil gjerne få vita korleis dette prinsippet var utforma i praksis i Dykkar bygd, korleis dei ymse reiskapar var laga og om dei har hatt ulik form i eldre og nyare tid, kva namn dei hadde og korleis dei vart nytta.

37. Kor tjukt skulle eit ferdig tau vera, og kor langt vart det til vanleg?
38. Vart tauet preparert på noko vis før det vart tatt i bruk, og kvifor og korleis vart dette gjort?
39. Har det òg vorte brukt å fletta tau av bast, kvifor vart dette gjort, og kva kalla ein slike tau?
40. Hadde tau av bast serlege føremoner og kva vart dei helst nytta til?
41. Spørsmåla 4-38 byggjer på den kjennskapen vi har til framstilling av tau frå lindebast. Dersom det er kjent at ein har laga tau av bast frå andre tre, t.d. alm, barlind, furu e.a., var då framgangsmåten annleis enn ved lindebast? Grei ut om skilnaden ved kvart steg i framstillings-prosessen og om grunnane til den.
42. Var det nokon skilnad på bruken av tau laga av lindebast og tau laga av bast frå andre tre?
43. Var det serlege rettsreglar eller -sedvanar knytt til framstillinga av bastetau? Vi tenkjer her serleg på retten til å ta bast. Kunne ein ta bast i almenning eller annan manns skog? Hadde husmennene rett til å ta bast, og måtte dei yta noko til vederlag for dette? Er det kjent at ein ved salg av skog tok unna retten til å ta bast, eller at det ved arveskifte, eigedomsdelingar eller liknande høve vrt teke omsyn tuil slik rett? Kunne ein kjøpa seg slik rett i annan manns skog?
44. Er det kjent at ein har laga tau av bork frå alm, einer, barlind eller andre tre, og korleis gjorde ein det?
45. Kva kalla ein slike tau, hadde dei serlege føremoner og kva vart dei helst nytta til?
46. Er det kjent at det har vorte laga tau av plantefibrar, t.d. frå brennesle eller lin eller hamp, og kva kalla ein slike tau?

47. Korleis var framgangsmåten?
48. Hadde slike tau serleg føremoner og kva vart dei helst nytta til?
49. Har ein i Dykkar bygd laga tau av heile planter, t.d. gras, sev eller anna vassgras, og kva kalla ein slike tau?
50. Korleis var framgangsmåten? (Grei ut om når og korleis ein sank inn materialet, prepareringa av det og framgangsmåten når ein laga tauet.)
51. Hadde slike tau serlege føremoner og kva vart dei helst nytta til?
52. Har ein i Dykkar bygd laga tau av rot-tæger frå tre og kva kallar ein slike tau?
53. Kva slag tre var det ein helst tok tæger frå?
54. Kva tid på året tok ein tæger og korleis gjorde ein det? Kva kalla ein det arbeidet?
55. Hadde ein noko merke på kor ein kunne venta å finna gode tæger (t.d. ved å sjå på skogbotnen)?
56. Vart tægene preparert før ein nytta dei og korleis gjorde ein det (t.d. ved å pressa safta ut av dei og kløyva dei)?
57. Vart tægene eller dei kløyvde tåg-delene tvinna, kva kalla ein dette og korleis vart det gjort?
58. Kva kalla ein dei tvinna tægene eller tåg-delene (tått)?
59. Vart tauet lagt med hand eller med ein reiskap, kva kalla ein dette og korleis gjekk det for seg? Kor mange tåttar var det i tauet og korleis skøytt ein inn nye tåttar? Var framgangsmåten lik ved alle slag rot-tæger?
60. Kor lange vart til vanleg slike tau?
61. Hadde slike tau serlege føremoner og kva vart dei helst nytta til?
62. Har ein laga tau av rot-tæger frå andre planter? Kva slag planter var det i tilfelle, kva kalla ein tauet, korleis vart det laga og kva vart det helst nytta til?

63. Var det serlege rettsreglar eller -sedvanar knytt til framstillinga av tau frå rot-tæger? Vi tenkjer her serleg på retten til å ta tæger. Kunne ein ta tæger i ålmenning eller annan menns skog? Hadde husmennene rett til å ta tæger og måtte dei yta noko til vedelag for dette? Er det kjent at ein ved salg av skog tok unna retten til å ta rot-tæger, eller at det ved arveskifte, eigdomsdelingar eller liknande høve vart teke omsyn til slik rett? Kunne ein kjøpa seg slik rett i annan manns skog?
64. Har ein i dykkar bygd laga tau av pertar (spøner, spon) og kva kallar ein slike tau?
65. Kva tre tok ein pertar frå, vart tauet laga på same måten ved pertar frå alle slag tre?
66. Var det berre stomnen ein tok pertar av, og korleis skulle eit godt tre vera i så måte?
67. Kappa ein stomnen opp, og kor lange var kubbane?
68. Korleis fekk ein møykt opp veden så den vart lett å riva pertar av? Kva kalla ein det arbeidet? Det vanlege tykkjest å ha vore å verma kubbane i grua; ein sette dei inn i elden til det dampa av dei.
69. Gjorde ein dette før eller etter ein hadde skilt geita (yta) frå alveden og korleis gjorde ein når geita skulle skiljast frå?
70. Korleis gjorde ein når ein reiv pertar og kva kalla ein dette arbeidet?
71. Kva kalla ein desse pertane som ein skulle laga tau av (bast)?
72. Vart pertane tvinna med hand eller med ein reiskap? Kva heitte i tilfelle denne reiskapen, korleis såg han ut, og korleis vart han nytta? Kva kalla ein dette arbeidet? Det er kjent at ein har nytta ei vinde til dette arbeidet som ved basttvinning.
73. Kva kalla ein det pert-tauet som ein fekk ved tvinninga (tått), kor tjukt skulle det vera, og kor langt var det til vanleg?
74. Kva kalla ein "kjernen" og det ytre laget i tåtten?

75. Var det vanleg å styrkja tåtten ved å tvinna garasstrå e.a. inn i ”kjernen”?
76. Vart tauet lagt eller fletta, og kva kalla ein dette arbeidet? La ein i tilfelle tauet med hand (korleis) eller med ein reiskap; kva heitte då reiskapen, korleis såg han ut (teikna) og korleis vart han nytta?
77. Kor mange tåttar var det til vanleg i tauet?
78. Vart tauet preparert før ein tok det i bruk, kva kalla ein i tilfelle dette, og korleis gjekk det for seg?
79. Hadde slike tau serlege føremoner, og kva vart dei helst nytta til?
80. Var det serlege rettsreglar eller -sedvanar knytt til framstillinga av pert-tau? Kunne ein ta vyrke i ålmenning eller annan manns skog? Hadde husmennene rett til å ta vyrke og måtte dei yta noko i vederlag for det? Er det kjent at ein ved salg av skog tok unna retten til å ta tauvyrke eller at det ved arveskifte, eigedomsdelingar eller liknande høve vart tatt omsyn til slik rett? Kunne ein kjøpa seg slik rett i annan manns skog?
81. Var (er) det i Dykkar bygd einskildpersonar eller bygdelag som meir enn andre dreiv (driv) med å laga tau av rot-tæger eller pertar?
82. Selde dei tau, kor og korleis gjorde dei dette?
83. Kva var prisen for taua? (Prisoppgåver må vera tidfeste på ti-året eller så).
84. Dersom ein i Dykkar bygd har nytta slike tau utan å laga dei sjølve, kor fekk ein dei då frå, og kor og korleis fekk ein tak i dei?

--- o 0 o ---